


NEF's  
sommertreff  
24-26/6 2022  
**Nesflaten**  
Suldal kommune



Kartet viser verneområder (rødt), viktige kulturlandskap (gult) og naturområder (grønt) med skravur (Naturbase).  
Foto: Rune Roalkvam og Eva Songe Paulsen.





## Velkommen til Norsk entomologisk forening sitt sommartreff

### Nesflaten, Suldal, Rogaland

**24. – 26. juni 2022**

Norsk Entomologisk Forening ønskjer velkomen til sommartreff på Nesflaten i indre Ryfylke. Nesflaten ligg ved nordenden av Suldalsvatnet, Rogalands største innsjø, ca. 80 moh, og landskapet er typisk for indre fjordbygder med bratte skogslier med grov furuskog og innslag av frodig edellauvskog og kulturlandskap. Opp mot fjellet ligg stølsområde og fyllittområde med rik fjellflora. Området er ikkje systematisk kartlagt for insekt, men det er likevel gjort spennande funn. Me tar sikte på å besøka to-tre alternative lokalitetar laurdag og ein felles tur søndag føremiddag.

#### Overnatting

Me bur på Energihotellet på Nesflaten. Adresse: Øvre Kilen 1, 4244 Nesflaten i Suldal. Alle får enkeltrom. Gi beskjed ved påmelding om du/dykk ynskjer å dela rom med nokon.

#### Reise og transport


Nesflaten er lett tilgjengelig med bil både frå vest og aust. Det er omtrent 5 timar køyring frå Oslo-området over Haukeli, tre timar frå Stavanger og fire frå Bergen. Les meir [her om rutevalg](#).

#### Deltakeravgift

- 800 kroner for ordinære medlemmer.
- 400 kroner for unge entomologer (8-30 år).

Man må være [medlem](#) i Norsk entomologisk forening (NEF) for å delta. Påmeldingsavgift dekker kost og losji. Alle måltid (frukost, niste med termos og to-rettens middag) er inkludert. Ein må sjølv betala reise til/frå Nesflaten. Om du får vite at du ikkje kan delta, er det viktig at du gir beskjed fortast mogleg sidan mange er interessert i å delta på treffet. Me tar sikte på å gjennomføre samlinga uansett vêrforhold.

For å melde deg på må du registrere deg i [påmeldingsskjema](#). **Påmeldingsfrist 1. april.** Me sender faktura på e-post. Om du får vite at du ikkje kan delta, er det viktig at du gir beskjed fortast mogleg sidan mange er interessert i å delta på treffet.



## Kontaktpersoner

Mikaela Olsen, Sabima [mikaela.olsen@sabima.no](mailto:mikaela.olsen@sabima.no) (41297182) / Trude Magnussen, NEF [trude.magnussen@nhm.uio.no](mailto:trude.magnussen@nhm.uio.no) (41540366)

## Program (kan bli endra)

### Fredag 24.6

16:00-18:30	Ankomst og innsjekk på rom
18:30	Middag
20:00	Praktiske beskjeder
21:00	Foredrag om naturen i området

### Lørdag 25.6

08:00 – 09:00	Frukost m/nistesmøring og fylling av termos
09:15	Felt
15:00	Lab (valfritt)
18:30	Middag
20:00	Foredrag om Ove Meidell + gjennomgang av dagens funn

### Søndag 26.6

08:00 – 09:00	Frukost m/nistesmøring og fylling av termos
09:00	Utsjekk av rom og rydding av møterom
09:30	Felt (fellestur)
15:00	Heimreise

Om været tillét det vert det lysfellefangst rundt hotellet begge netter og felles gjennomgang av materialet før frukost.